



# Innkalling av Valstyret

**Møtedato:** 16.03.2023  
**Møtestad:** Helsehuset, møterom Nordhordland  
**Møtetid:** ca.kl.13:00 - 13:15

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhold/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

## Sakliste

| <b>Saknr</b> | <b>Tittel</b>  |
|--------------|--|
| 001/23       | Godkjenning av innkalling og sakliste                                    |
| 002/23       | Godkjenning av møteprotokoll   |
| 003/23       | Manntal - kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023                         |
| 004/23       | Delegering av mynde i samband med kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023 |
| 005/23       | Godtgjersle for røystestyra og valmedarbeidarar                          |
| 006/23       | Mottak av førehandsrøyster, kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023       |

9. mars 2023

Sara Hamre Sekkingstad  
ordfører

Tove-Mette Arnø Fyllingen  
møtesekretær

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 09.03.2023

Saksframlegg

| <b>Saksnr.</b> | <b>Utval</b> | <b>Møtedato</b> |
|----------------|--------------|-----------------|
| 001/23         | Valstyret    | 16.03.2023      |

### **Godkjenning av innkalling og saksliste**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 06.03.2023

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval     | Møtedato   |
|---------|-----------|------------|
| 002/23  | Valstyret | 16.03.2023 |

### Godkjenning av møteprotokoll

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

#### Vedlegg i saken:

02.12.2022 Protokoll - Valstyret - 01.12.2022

1845948



## Møteprotokoll for Valstyret

**Møtedato:** 01.12.2022

**Møtestad:** Kommunehuset Frekhaug, formannskapssalen

**Møtetid:** 08:30 - 08:45

| Frammøtte medlemmer    | Parti | Rolle        |
|------------------------|-------|--------------|
| Sara Hamre Sekkingstad | SP    | Ordfører     |
| Nils Marton Aadland    | H     | Medlem       |
| Nina Bognøy            | AP    | Varaordfører |
| Asle Hettlebakke       | KRF   | Medlem       |
| Morten Klementsén      | UAVH  | Medlem       |
| Ingrid Fjeldsbø        | H     | Medlem       |

| Forfall meldt frå medlem: | Parti | Rolle  |
|---------------------------|-------|--------|
| Øyvind Oddekalv           | AP    | Medlem |
| Jostein Hellestveit       | SP    | Medlem |
| Nina Stabell Øvreås       | FRP   | Medlem |
| Astrid Aarhus Byrknes     | KRF   | Medlem |
| Terje Sletten-Hansen      | UAVH  | Medlem |
| Maria Færø                | UAVH  | Medlem |
| Leif Johnsen              | MDG   | Medlem |

| Frammøtte varamedlemmer:  | Parti | Erstatter medlem      |
|---------------------------|-------|-----------------------|
| May-Irene Wergeland       | SP    | Jostein Hellestveit   |
| Jostein Borlaug           | AP    | Øyvind Oddekalv       |
| Else Marie Skartveit Dale | KRF   | Astrid Aarhus Byrknes |

---

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Martin W. Kulild-ass.kommunedirektør, Tove-Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-kommunedirektør

---

### Sakliste

| Saknr  | Tittel  |
|--------|---|
| 001/22 | Godkjenning av innkalling og sakliste                       |
| 002/22 | Gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023     |
| 003/22 | Kommunestyre- og fylkestingsval 2023. Val av røystekrinsar. |

**001/22: Godkjenning av innkalling og saksliste****Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Valstyret 01.12.2022:****Handsaming:**

Ingen merknade, samrøystes.

**VAL- 001/22 Vedtak:**

Innkalling og saksliste er godkjent.

**002/22: Gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023****Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

- Kommunestyre- og fylkestingsvalet i Alver kommune vert halde på fastsett dag, måndag 11.september 2023.
- Vallokala held ope frå kl.12:00 – 20:00

**Valstyret 01.12.2022:****Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**VAL- 002/22 innstilling:**

- Kommunestyre- og fylkestingsvalet i Alver kommune vert halde på fastsett dag, måndag 11.september 2023.
- Vallokala held ope frå kl.12:00 – 20:00

**003/22: Kommunestyre- og fylkestingsval 2023. Val av røstokrinsar.****Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek endring i røstokrinsane som vist i saksutgreiinga.

Valstyre får delegert mynde til å velja vallokale i dei ulike krinsane.

**Valstyret 01.12.2022:****Handsaming:****Framlegg M.I.Wergeland-SP:**

Tal røstokrinsar vert oppretthaldne slik dei er i dag

Valstyre får delegert mynde til å velja vallokale i dei ulike krinsane.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**VAL- 003/22 innstilling:**

Tal røstokrinsar vert oppretthaldne slik dei er i dag

Valstyre får delegert mynde til å velja vallokale i dei ulike krinsane.

**Arkiv:** <arkivID><jpID> FE-010  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 01.03.2023

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval     | Møtedato   |
|---------|-----------|------------|
| 003/23  | Valstyret | 16.03.2023 |

## Manntal - kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Manntalet vert lagt ut til offentleg ettersyn i kommunehuset på Frekhaug, kommunehuset Manger, og innbyggjarservice i Knarvik så snart som mogeleg etter 30.juni, og fram tom valdagen.

Kunngjering om tid og stad for utlegging av manntala vert på heimesida til Alver kommune, i avisa Nordhordland og Strilen.

Frist for bestilling av manntal for dei som stiller liste ved valet er 1.juni.

### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i valstyret

### Saka gjeld

For å kunne røysta ved kommunestyre- og fylkestingsvalet må veljaren vera registrert i manntalet i ein kommune jf.vallova § 2-2. Valstyret er ansvarleg for at det vert ført manntal over alle personar med røysterett i kommunen.

Veljaren er manntalsført i den kommune ho/han var folkeregisterført som busett 30.juni i valåret.

Folkeregisteret er grunnlaget for manntalet.

Jf.vallova § 2-6 skal valstyret leggje manntalet til offentleg ettersyn så snart det let seg gjera etter skjæringsdatoen 30.juni. Manntalet skal liggja ute til og med valdagen.

Utleggingsmanntalet skal ikkje publiserast elektronisk.

Valstyret kunngjer tid og stad for utlegginga med opplysningar om korleis ein kan krevja feil retta.

Dei som stiller liste ved valet har rett til eit gratis eksemplar av manntalet. Det er krav om at dette vert bestilt innan den frist valstyret set.

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-010, FE-044  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 01.03.2023

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval     | Møtedato   |
|---------|-----------|------------|
| 004/23  | Valstyret | 16.03.2023 |

## Delegering av mynde i samband med kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren for delegerer mynde til:

- Å gje fritak frå å stå på vallisten ved melding innan frist fastsett av valstyret
- Oppnemne valmedarbeidarar og røystemottakarar
- Godkjenne søknader om innføring i manntal frå personar med over 10 års butid i utlandet
- Praktisk sakshandsaming av listeframlegg
- Tilrettelegge/rigge vallokala
- Talking av namn til kandidatar frå andre lister som får personrøyst
- Forkasting av partilister som ikkje stiller til val
- Forkasting av røystesettlar som manglar godkjent stempel

### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i valstyret

### Saka gjeld

Valstyret har det overordna ansvaret for tilrettelegging og gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalet

Valstyret kan delegerer mynde til kommunedirektøren, men berre saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

### Saksopplysningar

#### Bakgrunn:

Valstyret oppgaver og ansvar:

- Legg ut manntal til offentleg ettersyn
- Føringer og rettingar i manntal
- Oppnemner røystestyra i krinsane
- Vedtek tid og stad for førehandsrøysting og valting
- Prøving og godkjenning av røyser
- Handsama klager på valg gjennomføringa

Valstyret gjer innstilling til kommunestyret i følgjande saker:

- Fastsetjing av valdag/er
- røystekrinsane i kommunen

Valstyret kan, i saker som ikkje er av prinsipiell karakter, delegerer mynde til kommunedirektøren.

Kommunedirektøren for delegert mynde til:

- Å gje fritak frå å stå på vallisten ved melding innan frist
- Oppnemne valmedarbeidarar og røystemottakarar
- Godkjenne søknader om innføring i manntal frå personar med over 10 års butid i utlandet
- Praktisk sakshandsaming av listeframlegg
- Tilrettelegge/rigge vallokala
- tolking av namn til kandidatar frå andre lister som får personrøyst
- forkasting av partilister som ikkje stiller til val
- forkasting av røystesettlar som manglar godkjent stempel



**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-010  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 01.03.2023

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval     | Møtedato   |
|---------|-----------|------------|
| 005/23  | Valstyret | 16.03.2023 |

## Godtgjersle for røystestyra og valmedarbeidarar

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Godtgjersle til røystestyra/valmedarbeidarar ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023:

- Leiar røystestyre kr. 5 000,-
- Nestleiar og medlem av røystestyret kr. 4 800,-
- Valmedarbeidar kr. 4 000,-
- Det vert i tillegg utbetalt timegodtgjersle for kurs/opplæring i samband med valet på kr. 300,-
- Valmedarbeidarar under førehandsrøystinga får kr. 250,- pr.time, kommunalt tilsette får si ordinære timeløn.

### Bakgrunn

Valmedarbeidarar under valting får fast godtgjersle for oppgåvene dei har i vallokala. Valmedarbeidarar som deltek under førehandsrøystinga får timeløn for arbeidet.

Det er ikkje gjort endringar i krinsane frå 2019. Det er 21 røystekrinsar i Alver kommune. Valet skal gjennomførast med elektronisk manntal på valdagen og skanning av røystesetlane.

Kvart røystelokale må ha min.3 medsllemmar i røystestyret + valmedarbeidarar. Det vil vera mellom 150 og 200 valmedarbeidarar på valdagen i vallokala.

Alle lokala har ope frå kl. 12:00 – 20:00. Valmedarbeidarane skal og «rigge» til i lokala før dei opnar, i tillegg skal dei telja røstestelane og føra møteprotokoll.

I 2021 var godtgjersla som framlegget frå kommunedirektør.

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-010  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 01.03.2023

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval     | Møtedato   |
|---------|-----------|------------|
| 006/23  | Valstyret | 16.03.2023 |

### Mottak av førehandsrøyster, kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I tida 10.august til og med 8.september 2023 vert det mottak av førehandsrøyster på fylgjande stader:

- Kommunehuset Frekhaug

Måndag, tysdag, onsdag og fredag kl. 09:00 - 15:00  
Tordag kl. 12:00 – 18:00  
Laurdag 26.08 og 02.09 kl. 10:00 – 15:00

- Kommunehuset Manger

Måndag, tysdag, onsdag og fredag kl. 09:00 - 15:00  
Torsdag kl. 12:00 – 18:00  
Laurdag 26.08 og 02.09 kl. 10:00 – 15:00

- Innbyggjarservice i Knarvik senter

Måndag, tysdag, onsdag og fredag kl. 09:00 - 15:00  
Torsdag kl. 12:00 – 18:00  
Laurdag 26.08 og 02.09 kl. 10:00 – 15:00

- Lindås, Lindåshallen ved biblioteket, kvar måndag kl. 12:00 – 19:00

Mottak av førehandsrøyster vert på fylgjande institusjonar:

Velferdssenteret/omsorgsbustadene og Radøy interkommunale busenter (RIB)  
Meland sjukeheim  
Lindås- bu og service  
Knarvik sjukeheim  
Ostertunet

Søknad om førehandsrøysting der ein bur må vera valstyret i hende innan 5.september.

Tid og stad for førehandsrøyster vert kunngjort i begge lokalavisane og på heimesida til Alver kommune.

Det vert tidlegrøysting hos innbyggjarservice i Knarvik senter.

### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i valstyret

### **Bakgrunn:**

Ved Stortingsvalet 2021 var det mottak av førehandsrøyster på følgjande stader:

- Kommunehuset på Frekhaug, kvar dag + 2 laurdagar
- Kommunehuset på Manger, kvar dag + 2 laurdagar
- Innbyggjarservice i Knarvik, kvar dag + 2 laurdagar
  
- Lindås, 4 måndagar i perioden for førehandsrøysting
- Vikebø, 5 tysdagar
- Bøvågen, 5 onsdagar
- Ostereidet, 5 torsdagar

På Frekhaug var det totalt 1863 personar som førehandsrøysta i perioden  
På Manger var det 895 og innbyggjarservice i Knarvik 3422.

Lindås totalt 473 personar, Vikebø 78, Bøvågen 137 og Ostereidet 190.

Dette vert antall førehandsrøyster i gjennomsnitt:

Lindås - 17 pr.t./118 pr.dag

Vikebø – 2,6 pr.t./15,6 pr.dag

Bøvågen - 4,6 pr.t./27 pr.dag

Ostereidet - 6 pr.t./38 pr.dag

På Lindås var det Lindåshallen som lokale for førehandsrøysting, dette har vore brukt ved fleire val og er godt innarbeidd.

På Vikebø var det ungdomshuset UL Framsteg som var vallokale, det har ikkje vore førehandsrøysting her ved tidlegare val.

I Bøvågen var lokalet i Bø barnehage, det har ikkje vore førehandsrøysting her ved tidlegare val.

På Ostereidet var vallokalet på Ostereidet kro, det har ikkje vore førehandsrøysting her tidlegare. Det er usikkert om ein kan vera her ved dette valet. Det tar ein del plass frå kroa i perioden for førehandsrøystinga.

Det må vera to røystemottakarar tilstade der det er førehandsrøysting.

Det skal og vera mogleg å førehandsrøyste ved helse- og sosialinstitusjonane.

Ved Stortingsvalet 2021 var det desse lokala:

Velferdssenteret/omsorgsbustadene og Radøy interkommunale busenter (RIB)  
Meland sjukeheim  
Lindås- bu og servicesenter  
Knarvik sjukeheim  
Ostertunet

Veljare som grunna sjukdom eller uførleik ikkje kan røysta etter §8-3 pkt 2 kan etter søknad til valstyret førehandsrøyste der dei bur. Søknad må sendast valstyret innan den frist dei har bestemt innafor perioden mellom tysdag og fredag siste veka før valet.

Etter endring i vallova i mai 2009 vert det og opna for at det skal vera mogeleg og førehandsrøysta allereie frå 1. juli. Dette er meint som eit tilbod til veljarane som verken kan røysta ved den ordinære førehandsrøystingsperioden eller på valdagen. Veljarane må då henvenda seg til kommunen og gjera avtale om tid og stad for førehandsrøystinga. Det vert lagt til rette for tidlegrøysting på innbyggjarservice i Knarvik senter.

